



Hjelmeland kommune  
Vågavegen 116  
4130 Hjelmeland

Saksbehandlar, innvalstelefon

Kirsten Redmond Kristiansen, 51568777

## Statens vegvesen, Region vest - søknad om tiltak i sjø - RV13 Nesvik ferjekai

---

**Fylkesmannen ber om opplysningar om spesielle forhold m.v. som bør tas omsyn til ved behandling av søknaden. Vi ber om at søknadsdokumenta og eit eksemplar av kunnjinga blir lagt ut til offentleg ettersyn i kommunen.**

**Frist for kommunen sin uttale er 8 veker.**

---

Fylkesmannen i Rogaland har motteke søknad frå Statens vegvesen, Region vest om løyve etter forureiningslova § 11, jf. § 16 og forureiningsforskrifta § 22. Søknaden omfattar peling og sprenging i sjø, i samband med utbygging av doble ferjekai ved eigedommane 19/20, Nesvik i Hjelmeland kommune.

### Kort orientering om tiltaket:

Søknad gjeld:	sprenging og peling i sjø.
Planlagt oppstart:	haust 2019
Estimert varigheit:	ca. 1,5 år

Planlagt avbøtande tiltak	under vurdering; tidsavgrensa av omsyn til anadrom fisk og gyteperioden for torsk
---------------------------	---

Området i sjø er regulert til kai og hamneområde i detaljregulering for Nesvik ferjekai<sup>1</sup>.

### **Bakgrunn/søknad**

Statens vegvesen, Region vest (SVV) skal legge opp til doble ferjekai på Nesvik og Hjelmeland for tilrettelegging for lading og hydrogendrift, og for å ha tilfredsstillande sikkerheit (figur 1). Det er behov for sprenging av berg på vestsida av ferjekai, sprenging for å fundamentere landkar og mur. Peling er nødvendig for etablering av kaien og betongplating for av-/påstigning til hurtigbåt. Det er søkt om


---

<sup>1</sup> Detaljregulering – Nesvik Ferjekai – Rv. 13 – Nesvik, gnr. 19 bnr. 20, 21 m. fl. Hjelmeland kommune. Vedtatt 13.12.2018



bruk av 33 stålrørspeler som bores inn i berg i samband med peling av ny ferjepir (24 stk) og hurtigbåtkai (9 stk). Søknaden omfattar også sprenging av bergknaus vest for ferjekai (300 m<sup>3</sup>) samt sprenging for å fundamentere landkar og mur (300 m<sup>3</sup>), men søker opplyser om at bergknaus utgår frå prosjektet. Boreslam frå peling vil bli samla og levert til godkjent mottak. Det er ikkje planlagt å foreta mudring av sprengstein – denne vil ifølge søker havne i skråninga og eventuelt trille ned over bergflaten til større djup.

Søker har oppgitt total varigheit for tiltaket (byggetid) til 1,5 år men antar at anleggsarbeid i sjø vil bli gjennomført i løpet av hausten 2019.



**Figur 1:** Kart som viser tiltaksområdet ved Nesvik (venstre; kjelde Temakart Rogaland) og oversikt av tiltaket (høyre; kjelde Norconsult rapport). Se også vedlegg til søknaden.

### Fylkesmannens merknader

Ifølge Temakart-Rogaland<sup>2</sup> er det registrert en tareskog med verdi A «svært viktig» svært nær tiltaksområdet. Vidare er det modellert ålegras i Nesvika. Jøsenfjorden antas å være ein viktig vandringsrute for anadrom laksefisk frå Førrelva, Ulla og Melandsåna. Tiltaksområdet ligger innanfor eit lokalt viktig gytefelt for torsk i Fiskeridirektoratets kartdatabase<sup>3</sup>. Det er utført nokre registreringar av sårbare og nær trua fuglearter i nærleik av tiltaket, blant anna ærfugl, fiskemåke og gullspurv. Søker viser også til rapport frå Norconsult<sup>4</sup>, som anbefaler vidare gransking av ålegraseng og tareskog. Søker har informert at de vil undersøkje det marine miljøet før SVV setter i gang tiltaket, slik at det vil være mogleg å iverksette tiltak for å beskytte disse dersom kartlegging tilseier det.

Ifølge Vann-nett<sup>5</sup> tilhører tiltaksområdet vassførekomsten «Jøsenfjorden» som er klassifisert som «god» økologisk tilstand og «ukjent» kjemisk tilstand. Vassførekomsten er registrert som påverka i liten grad

<sup>2</sup> <https://www.temakart-rogaland.no/>

<sup>3</sup> <https://kart.fiskeridir.no/fiskeri>

<sup>4</sup> Rv. 13 Sande og Nesvik nye ferjekaier, Hjelmeland. Sedimentundersøkelser og vurdering av lokale forhold ifb. Søknad om tillatelse til tiltak i sjø. Norconsult. 20.12.2018

<sup>5</sup> <https://vann-nett.no/portal/>



av diffus avrenning og utslepp frå fiskeoppdrett og punktutslepp frå mindre reinseanlegg, og i ukjent grad av menneskeleg verknad av anna årsak.

Søker viser til sedimentundersøkelser frå 2018<sup>6</sup>, som viste at botnsediment bestod av sand, med mindre enn 5,5 % silt og 0,15 % leire. Det er påvist forureining i sediment med PAH og TBT opp til tilstandsklasse IV, innanfor tiltaksområdet.

Fylkesmannen vil i eit eventuelt løyve blant anna sette krav om internkontroll, støykontroll og beredskapsplan. Ut i frå føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 kan det eventuelt bli aktuelt å stille ytterlegare krav.

Søknaden vil bli behandla iht. «forskrift om begrensning av forurensning» (forureiningsforskrifta) kapittel 36 om «behandling av tillatelse etter forurensningsloven» fastsatt av Klima- og miljødepartementet 01.06.2004.

#### Andre høyringsinstansar

Fylkesmannen sender kopi av dette brevet saman med oppmoding om uttale til andre høyringsinstansar. Kommunen får kopi av det brevet.

#### Offentleg kunngjering

Fylkesmannen sørger for kunngjering av søknaden i Strandbuen. Kunngjeringskostnadene skal dekkes av tiltakshavar. Kunngjeringsteksten følger vedlagt.

#### Utlekking til offentlig ettersyn

Søknaden vil bli lagt ut til offentlig ettersyn i Hjelmeland kommune, Kommunehuset, Vågavegen 116, 4130 Hjelmeland, og på Fylkesmannen i Rogaland si internettside [www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland) under «Høyringar». Uttale frå interesserte sendes Fylkesmannen i Rogaland, postboks 59 sentrum, 4001 Stavanger, eller [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no), innan 4 veker frå utleggingstidspunktet.

#### Uttale – kommunal sluttbehandling

Frist for kommunale uttaler er sett til 8 veker frå kunngjeringsdato. Vi ber kommunen i same tidsrom hente inn nødvendige uttalar frå eigne organ så langt ein finn dette hensiktsmessig. Vidare må det gis opplysningar om det planlagde anleggsarbeidet er i samsvar med gjeldande plan- og reguleringsføresegner m.v. for området.

Kommunens uttale bør gi opplysningar om lokale forhold som kommunen meiner manglar eller er utilstrekkeleg beskriven i søknaden, og som det bør tas omsyn til ved avgjerda.

Dersom det er ynskjeleg med ettersending av andre dokumenter enn dei som er ligg ved, ber vi kommunen ta kontakt med Fylkesmannen.

---

<sup>6</sup> Rv. 13 Sande og Nesvik nye ferjekaier, Hjelmeland. Sedimentundersøkelser og vurdering av lokale forhold ifb. søknad om tillatelse til tiltak i sjø. Norconsult. 20.12.2018



Vi anbefala at kommunen føretek ein kommunal sluttbehandling i eit organ som kan gi ei heilheitsvurdering i saken. Uttaler og utskrift frå den kommunale saksbehandlinga skal sendast til Fylkesmannen.

Med helsing

Marit Sundsvik Bendixen  
ass. fylkesmiljøvernssjef

Kirsten Redmond Kristiansen  
rådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

#### Vedlegg

- 1 Søknadsbrev
- 2 Søknadsskjema
- 3 Vedlegg 1 Rapport fra Norconsult - Sedimentundersøkelser og lokale forhold
- 4 Vedlegg 2 Bilder fra Nesvik ferjekai
- 5 Vedlegg 3 Tegning av ny ferjekai ved Nesvik
- 6 Vedlegg 4 Prinsippskisse for sprengning for landkar og mur
- 7 Vedlegg 5 30457-GEOT-1 Rv13
- 8 Vedlegg 6 GeologiskRapport\_reguleringsplan
- 9 Vedlegg 7 Vedtatt plankart Nesvik ferjekai
- 10 Vedlegg 8 Reguleringsbestemmelseer - Nesvik ferjekai
- 11 Vedlegg 9 Reguleringsbeskrivelse - Nesvik ferjekai
- 12 Kunngjeringstekst

Kopi til:

Statens vegvesen, Region Vest Askedalen 4 6863 Leikanger